



Oppdal kommune

Brevet vert sendt til post@oppdal.kommune.no

Vår referanse:
1130633502/4502295

Ansvarleg advokat:
Olav Pedersen

Dato:
27. mars 2026

KRAV OM RETTING OG OMGJERING – EIGEDOMSFORHOLDA MELLOM BNR. 61 OG 193

1. INNLEIING

Harris Advokatfirma AS representerer Knut Fostad, heimelshavar av gbnr. 288/61 snr. 9 i Trevaren Sameie i Oppdal kommune.

Saka gjeld vedtaka knytt til Trevaren Sameie (gbnr. 288/61) som har ført til at delar av sameiget sitt bygg er registrert på gbnr. 288/193. Dette omfattar mellom anna delar av garasjekjellar, tekniske rom, innkøyringsrampe og parkeringsareal som er naudsynte for funksjon og drift.

Fostad tar utgangspunkt i at vedtaka Oppdal kommune fatta i 2019 – reguleringsvedtaket, delingsvedtaket og seksjoneringsvedtaket – er gyldige slik dei er fatta, slik kommunen sjølv legg til grunn. Eigedomsgrensa som er registrert i matrikkelen samsvarar ikkje med søknadane og vedtaka, og matrikkelen er difor feilført, slik at retting er naudsynt, sjå punkt 4 under.

I møtet med kommunen 11.03.2026 vart partane samde om at Fostad skal klargjere krava som vert gjorde gjeldande, samt ønska vidare saksbehandling hos kommunen, sjå punkt 3 under.

Formålet med brevet er å gi kommunen ei systematisert framstilling av dei offentlegrettslege spørsmåla som må avklarast, og dei vedtaka som etter vår vurdering må rettast, omgjerast eller opphevast for at vedtaka og eigedomsförholda skal bli lovlege. Vi understrekar at vi ber kommunen om ikkje å ta stilling til privatrettslege förhold.

Dersom kommunen meiner at det er behov for ytterlegare dokumentasjon i samband med eitt eller fleire av krava, ber vi om å få ei tilbakemelding om kva det er behov for nærare utgreiing av.

2. KRONOLOGISK FRAMSTILLING AV DEI FAKTISKE FORHOLDA

Under følgjer ei kronologisk framstilling av dei faktiske förholda og vedtaka som er avgjerande for vurderinga av retting, gyldigheit og omgjeriing i saka. Framstillinga viser at dei omtvista vedtaka vart fatta i nær tidsmessig samanheng og på same grunnlag, og at den matrikkelförte eigedomsgrensa vart etablert som eit direkte resultat av delingsvedtaket av 29.08.2019.

Dato	Faktisk förhold/hending
02.11.2017	Avisomtale: «Det er förhåndssolgt seks leiligheter»
27.04.2018	Salsoppgåve for prosjektsal utarbeidd av Aktiv Eiendomsmegling Oppdal

Harris Advokatfirma AS
Vestre strömkaien 13
5008 Bergen
NO 921 027 583 MVA

Postboks 4115 Sandviken
5835 Bergen
Tlf.:55 30 27 00

Den norske advokatforening
Global Advocaten

26.10.2018	Bindande kjøpekontrakt – seksjon 7 (Inger Johanne Botten) ¹
05.12.2018	Bindande kjøpekontrakt – seksjon 10 (Arnt Joar Jære og Liss Amdal)
29.04.2019	Bindande kjøpekontrakt – seksjon 8 (Bodhild Sæther)
07.05.2019	Bindande kjøpekontrakt – seksjon 5 (Ingebrigt Bøe)
22.08.2019	Søknad om mindre reguleringsendring sendt av tiltakshavar
29.08.2019	Vedtak om mindre reguleringsendring («reguleringsvedtaket 2019»)
29.08.2019	Vedtak om frådeling («delingsvedtaket 2019»)
30.08.2019	Vedtak om seksjonering («seksjoneringsvedtaket 2019»)
28.09.2019	Matrikkelføring av grense mellom gbnr. 288/61 og 288/193
19.12.2025	Brev frå Oppdal kommune med kommunen sitt standpunkt til vedtaka
05.02.2026	Kommunestyret sitt avslag på søknad om reguleringsendring
09.03.2026	Krav om retting av matrikelopplysningar mellom gbnr. 288/61 og 288/193

3. REKKEFØLGE OG FØRINGAR FOR KOMMUNEN SI BEHANDLING AV KRAVA

Fostad ber om at kommunen behandlar saka i følgjande rekkjefølgje:

1. Først: Krav nr. 1 – retting av matrikkelen, jf. pkt. 4.

Det primære standpunktet er at vedtaka frå 2019 er gyldige slik dei er fatta, og at problemet skuldast uriktig matrikkelføring. Kommunen må difor først ta stilling til om eigedomsgrensa mellom gbnr. 288/61 og gbnr. 288/193 skal rettast slik at matrikkelen kjem i samsvar med søknads- og vedtaksgrunnlaget.

Retting vil løyse saka ved å bringe eigedomsforholda i samsvar med vedtaka frå 2019, og gjer at behovet for å behandle dei subsidiære krava i punkt 5-8 fell bort.

2. Deretter: Krav nr. 2–5 – subsidiær behandling i kronologisk rekkefølge, jf. pkt. 5–8:

Dersom kommunen ikkje tar rettingskravet til følgje, må dei subsidiære krava behandlast vidare i kronologisk rekkjefølgje. Kommunen vert då beden om å ta stilling til:

- i. først krav 2 i punkt 5,
- ii. deretter krav 3 i punkt 6,
- iii. deretter krav 4 i punkt 7,
- iv. og til slutt krav 5 i punkt 8.

3. Kvart krav må behandlast for seg:

Dersom eitt krav ikkje fører fram, kan ikkje kommunen bruke det som grunnlag for å unnlate å behandle det neste kravet i rekka – kvart krav må behandlast sjølvstendig.

¹ Dei fire kontraktane som er nemnde, er dokumenterte og kan leggjast fram som vedlegg ved behov.

4. **Saka må gå fortløpande:**

Vidare behandling kan ikkje stansast i påvente av klagefrist eller klagebehandling av eit tidlegare krav. Saka må behandlast fortløpande, slik at alle krava vert behandla.

5. **Behov for supplering må sendast tiltakshavar:**

Dersom kommunen meiner at lovleg vedtak ikkje kan fattast utan dispensasjon, planendring eller andre suppleringar, må dette handterast gjennom formelt mangelsbrev med førespurnad om suppleringar til tiltakshavar Håvardsli Eiendom AS («HE AS»).

Kommunen kan då ikkje avslå, avvise eller stanse saka utan først å ha oppfylt utgreiings- og rettleiingsplikta si etter forvaltningslova § 17.

6. **Avslag må skje ved formelle vedtak:**

Dersom eitt eller fleire krav ikkje vert tekne til følge, må kommunen fatte formelle enkeltvedtak med grunngjeving. Dette er nødvendig for å sikre klagerett og vidare rettsleg prøving på korrekt grunnlag.

4. KRAV NR. 1 – PRINSIPALT: RETTING AV MATRIKKELEN

4.1 Innleiing – kva kravet gjeld

Vi krev retting av den matrikkelførte eigedomsgrensa mellom gbnr. 288/61 og 288/193, slik at matrikkelregistreringa samsvarar med søknadsgrunnlaget og vedtaka kommunen fatta i 2019.

Vedlegg 1 Krav om retting av matrikkel, 09.03.2026

Kravet tar utgangspunkt i at vedtaka om reguleringsendring, frådeling og seksjonering er riktige slik dei vart fatta, i tråd med kommunen sitt eige standpunkt, mellom anna slik dette kjem til uttrykk i brevet av 19.12.2025. Når desse vedtaka vert lagde til grunn slik dei er vedtatt, skuldast avviket mellom vedtaka og den registrerte eigedomsgrensa feil i matrikkelføringa.

Kravet gjeld følgeleg retting av feilregistrerte matrikkelopplysningar, ikkje endring av dei vedtaka som alt er fatta. Ei slik retting vil bringe eigedomsregistreringa i samsvar med vedtaka frå 2019 og løyse dei rettslege og praktiske problema som i dag følgjer av at delar av bygningsmassen til Trevaren Sameie ikkje ligg på eiga matrikkeleining.

Prinsipalt krev vi at eigedomsgrensa vert fastsett fire meter frå bygningsmassen til Trevaren Sameie, i samsvar med søknadsdokumenta som låg til grunn for reguleringsendringa, frådelingssøknaden og delingsvedtaket av 29.08.2019.

Subsidiært krev vi at eigedomsgrensa vert justert slik at heile bygningsmassen, inkludert garasjekjellar og underliggjande konstruksjonar, ligg på Trevaren Sameie si matrikkeleining.

4.2 Faktisk grunnlag

Søknads- og vedtaksgrunnlaget frå 2019 viser eintydig at eigedomsgrensa mellom gbnr. 288/61 og gbnr. 288/193 skulle leggjast utanfor bygningsmassen til Trevaren Sameie. Situasjonsplanen som låg til grunn for reguleringsendringa vedteken 29.08.2019, viser ei delelinje fire meter frå bygningsmassen, utan skilje mellom plan i bygget eller avgrensingar knytt til kjellar/underetasje.

Vedlegg 2 Søknad og vedtak om reguleringsendring, 2019

Den same situasjonsplanen følgde frådelingssøknad av 15.08.19, og viser delelinja fire meter frå bygningsmassen. Søknaden inneheld ikkje kryss i feltet for anleggseigedom etter matrikkellova § 11. Det er difor ikkje søkt om anleggseigedom. Det vart heller ikkje søkt om dispensasjon. Søknaden kan dermed berre forståast som frådeling av ordinær grunneigedom, der heile bygningsvolumet skal liggje på same matrikkeleining. Ei grense gjennom bygget har ikkje grunnlag i søknaden.

Delingsvedtaket av 29.08.19 godkjenner frådelinga slik ho går fram av kartutsnittet vedlagt søknaden. Vedtaket byggjer dermed direkte på situasjonsplanen som viser ei grenseføring fire meter frå bygningsmassen. Seksjoneringsvedtaket av 30.08.19 byggjer på same premiss.

Vedlegg 3 Søknad og vedtak om frådeling, 2019


Vedlegg 4 Søknad og vedtak om seksjonering, 2019

Søknaden opplyser heller ikkje at frådelinga ville påverke tilkomsten. Det er korkje kryssa av for «ja» eller «nei» i feltet om påverka tilkomst, og søknaden omtalar ikkje at den matrikkelførte grenseføringa ville medføre at bnr. 61 ikkje lenger hadde nødvendig tilkomst til garasjekjellaren på eigen grunn. Det vart heller ikkje etablert eller sikra noka særskild rett til bruk av nødvendig areal på bnr. 193. Også dette talar for at søknaden ikkje bygde på ei løysing der eigedomsgrensa skulle førast gjennom bygningsmassen eller tilkomstarealet.

Matrikkelføringa av 28.09.2019 utgjer avvik frå dette grunnlaget ved at eigedomsgrensa er registrert gjennom bygningsmassen. Matrikkelbrevet inneheld dessutan eit generelt atterhald om at grenselinjer kan vere feilregistrerte. Avviket mellom vedtaksgrunnlaget og matrikkelen skriv seg difor frå registreringa, ikkje frå søknadene eller vedtaka frå 2019.

Vedlegg 5 Matrikkelbrev og matrikkelrapport

Sjå utklippet under der blå stipla linje viser omtrentleg matrikulert eigedomsgrense mellom bnr. 61 og 193. Her ser ein at delar av tilkomsten, parkeringsplassar, teknisk rom og anna areal tilhøyrande Trevaren Sameie ligg på bnr. 193 sin eigedom:



4.3 Rettsleg grunnlag

Etter plan- og bygningslova §§ 26-1 og 29-4 er utgangspunktet at byggverk skal liggje på og knytast til éi matrikkeleining. Eigedomsdanning kan ikkje gjennomførast på ein måte som skaper ulovlege tilhøve, og eigedomsgrenser gjennom bygningsmassen kan berre akseptast der det ligg føre godkjend anleggseigedom etter matrikkellova § 11 eller dispensasjon etter pbl. § 19-2. Ingen av desse føresetnadene ligg føre i denne saka.

Matrikkelen er eit register som skal spegle det rettslege grunnlaget som er etablert gjennom gyldige vedtak. Matrikkelføringa skapar ikkje private rettar og kan ikkje gå før vedtaksgrunnlaget. Når det ligg føre motstrid mellom matrikkelen og søknads- og vedtaksgrunnlaget, er utgangspunktet at matrikkelen skal rettast, ikkje at vedtaka skal tilpassast ei feilregistrering.

Matrikkellova § 26 tredje ledd pålegg kommunen å rette matrikelopplysningar når det er dokumentert at dei er feil, og feilen skriv seg frå registrering eller vedlikehald av matrikkelen. Rettingsplikta er etablert nettopp for tilfelle der matrikkelen ikkje samsvarar med det rettslege grunnlaget kommunen sjølv har lagt til grunn ved eigedomsdanning.

Dersom kommunen ikkje oppfyller rettingsplikta, gir matrikkellova § 28 heimel for tilsyn og pålegg frå sentral matrikelstyresmakt. Fostad vil be Kartverket og Statsforvaltaren nytte kompetansen i matrikkellova § 28 dersom kommunen ikkje tar rettingskravet til følge.

Kommunen kan etter dette ikkje byggje vidare saksbehandling på ei grenseføring som er i strid med vedtaksgrunnlaget og som fører til at bygningsmasse og naudsynte funksjonar ligg på feil matrikkeleining. Når vilkåra for retting er dokumenterte, pliktar kommunen å rette matrikkelen slik at han samsvarar med det rettslege grunnlaget.

4.4 Vilkår for retting er oppfylte.

Slik det er dokumentert under punkt 4.2, er det motstrid mellom det rettslege grunnlaget etablert gjennom vedtaka i 2019 og grensa som er matrikkelført. Avviket gjeld ikkje innhaldet i vedtaka, men matrikkelføringa som ikkje samsvarar med søknads- og vedtaksgrunnlaget.

Kommunen hadde tilgang til både situasjonsplanane og snitteikningane frå byggjesaka. Når matrikkelføringa likevel vart gjennomført utan omsyn til kjellaren si faktiske utstrekning, byggjer registreringa på eit ufullstendig faktisk grunnlag. Forvaltningslova § 17 pålegg kommunen å sørgje for at saka er så godt opplyst som mogleg. I denne saka innebar det å ta omsyn til dei relevante opplysningane som låg føre i byggje-, delings- og seksjoneringssakene. At sakene vart handsama i ulike prosessar eller av ulike saksbehandlarar, kan ikkje avgrense denne plikta.

Matrikelbrevet stadfestar dessutan at grenselinjer kan vere feil registrerte. Dette underbyggjer at feilen skriv seg frå registreringsprosessen, ikkje frå vedtaksgrunnlaget. Saka gjeld difor retting av ein dokumentert registreringsfeil, ikkje ei ny fastsetjing eller endring av eigedomsgrensa.

Den uriktige matrikkelføringa kan ikkje nyttast som premiss for å avvise, stanse eller avgrense vidare saksbehandling. Når vilkåra for retting i matrikkellova § 26 er oppfylte, må kommunen ta rettingskravet til følge og bringe matrikkelen i samsvar med det rettslege grunnlaget som vart etablert gjennom vedtaka frå 2019.

Dersom retting ikkje vert gjennomført, krev Fostad at det vert fatta formelt enkeltvedtak med grunngjeving etter forvaltningslova §§ 24 og 25. Avslag på krav om retting vil vere gjenstand for klage etter matrikkellova § 46 første ledd bokstav h.

5. KRAV 2 – AVSLAGET 05.02.2026 ER UGYLDIG OG MÅ OMGJERAST

5.1 Innleiing – kva kravet gjeld

Dette kravet er subsidiært og vert berre aktuelt dersom Oppdal kommune kjem til at vedtaka frå 2019 ikkje kan leggjast til grunn slik dei er fatta og difor meiner at saka ikkje kan løysast gjennom retting av matrikkelen, jf. § matrikkellova § 26.

Kravet gjeld kommunestyret sitt vedtak av 05.02.2026, der søknaden om endring av regulert eigedomsgrense i områdereguleringsplanen for Oppdal sentrum (delområde BKB7) vart avslått. Fostad krev at avslaget vert omgjort til eit løyve, jf. fvl. § 35 første ledd bokstav c.

5.2 Faktisk grunnlag

Tiltakshaver søkte om mindre reguleringsendring for å bringe områdereguleringsplan for Oppdal Sentrum (BKB7) i samsvar med faktisk situasjon og rette opp uheldige og rettsstridige forhold.

I forkant av kommunestyret si behandling 05.02.2026 vart det oversendt støtteskriv som gjorde greie for sakshistoria og grunngav kvifor søknaden burde innvilgast.

Vedlegg 6 Støtteskriv sendt kommunestyret ifm. behandling av reguleringsendring

Søknaden vart avslått under tilvising til at kommunen ikkje ønskte å endre plankartet før det låg føre ei privatrettsleg avklaring mellom partane.

5.3 Rettsleg grunnlag

Vedtak om reguleringsendring etter plan- og bygningslova § 12-14 er offentlege planvedtak som skal byggje på planfaglege og samfunnsmessige omsyn knytte til arealbruk, tryggleik og overordna planmål, jf. pbl. §§ 1-1 og 3-1. Kommunen kan berre vektleggje omsyn som har sakleg samanheng med planformålet.

Privatrettslege forhold mellom partar er ikkje relevante vurderingstema ved handsaming av reguleringsendringar. Dette er presisert av Kommunal- og distriktsdepartementet i brev 18.04.2024 (TUDEP-2024-969), der det går fram at ivaretaking av privatrettslege rettar ikkje er eit omsyn planmyndigheita skal vareta særskilt, og at planmyndigheita si kompetanse som hovudregel ikkje er avgrensa av slike forhold.

Det følgjer vidare av sivilombodspraksis at planvedtak ikkje kan vere motiverte av utanforliggjande omsyn, jf. Sivilombodet si uttale SOM-2011-40. Planvedtak kan ikkje nyttast som verkemiddel for å utsetje eller halde tilbake ei planmessig nødvendig avklaring i påvente av privatrettsleg løysing mellom partar.

Kommunen pliktar å sørgje for at saka er så godt opplyst som mogleg før vedtak vert fatta, og vedtaket må grunngjevast ut frå dei vurderingstema lova oppstiller, jf. fvl. §§ 17, 24 og 25.

Dersom vedtaket byggjer på utanforliggjande omsyn, feil rettsleg utgangspunkt eller mangelfull saksutgreiing, er vedtaket ugyldig når feilen kan ha verka inn på innhaldet i avgjerda, jf. fvl. § 41. Ugyldige vedtak kan omgjerast etter fvl. § 35 første ledd bokstav c.

5.3 Avslaget er ugyldig, jf. fvl. § 41

Avslaget av 05.02.2026 byggjer på utanforliggjande omsyn. I kommunedirektøren sitt saksframlegg til kommunestyret heiter det at avslaget «bygger hovedsakelig på at kommunen ikke ønsker å endre plankartet før det foreligger en privatrettslig avklaring». Når det privatrettslege omsynet uttrykkeleg er oppgitt som hovudgrunn, byggjer vedtaket på eit omsyn kommunen ikkje kan leggje vekt på ved behandling etter plan- og bygningslova § 12-14.

Vedtaket inneheld samstundes ingen sjølvstendig planfagleg grunngjeving for avslaget. Kommunen har ikkje vurdert om den omsøkte endringa i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen, om ho går utover hovuddrammene i planen, eller om ho får konsekvensar for natur-, friluft- eller allmenninteresser.

Tvert imot går det fram av saksframlegget at administrasjonen sjølv la til grunn at vilkåra i plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd var oppfylte, og at saka kunne handsamast etter forenkla prosess. Når administrasjonen har lagt dette til grunn, og avslaget likevel ikkje er grunngjeve planfagleg, er den naturlege forståinga at avslaget utelukkande byggjer på den privatrettslege avklaringa kommunen ønskte å avvente.

Kommunen har heller ikkje oppfylt utgreiingsplikta etter forvaltningslova § 17. Avslaget byggjer ikkje på ei vurdering av dei konkrete forholda som er sentrale for grenseplasseringa, mellom anna bygningsmassen si utstrekning, tekniske rom, tilkomst og parkeringsløyising. Vedtaket er såleis ikkje grunngjeve ut frå dei offentlegrettslege omsyna saka skulle vore vurdert etter.

Avslaget lir av rettsbrukfeil, mangelfull saksutgreiing og vektlegging av utanforliggjande omsyn. Feila er avgjerande for vedtaket sitt innhald og gjer vedtaket ugyldig, jf. fvl. § 41.

5.4 Vilråa for omgjeriing er oppfylte, jf. fvl. § 35

5.4.1 Innleiing – om forholdet mellom saksbehandlingsfeil og omgjeriing

Kommunen har i møtet og i brevet 19.12.2025 understreka at forvaltningslova § 35 byggjer på eit «kan-skjøn», og at saksbehandlingsfeil ikkje nødvendigvis treng å føre til omgjeriing eller oppheving. Dette er berre delvis treffande.

Som det følger av punkt 5.4.2 under, byggjer ikkje vurderinga etter fvl. § 35 på eit generelt syn om at saksbehandlingsfeil ofte er utan rettslege konsekvensar. Når feila er av ein slik karakter at vedtaket er ugyldig etter forvaltningslova § 41, er utgangspunktet at vedtaket skal opphevast, med mindre det ligg føre særlege grunnar for å oppretthalde det.

5.4.2 Rettsleg grunnlag – plikt til å oppheve ugyldige vedtak

Forvaltningslova § 35 første ledd bokstav c gir forvaltninga heimel til å omgjere vedtak som må reknast som ugyldige. Sjølve ordlyden etablerer ein rett, men seier ikkje uttømmende når

kompetansen må nyttast. Plikta er utvikla gjennom allmenne forvaltningsrettslege prinsipp, førearbeid, rettspraksis, juridisk teori og uttalar frå Sivilombudet og Lovavdelinga.

I førearbeida til forvaltningslova heiter det i Ot.prp. nr. 38 (1964–1965) s. 110 at om det føreligg *«feil ved saksbehandlingen, rettsanvendelsen eller det faktiske grunnlag avgjørelsen bygger på, at det berører vedtakets lovlighet og gyldighet, vil forvaltningsorganene ha en utvidet omgjøringsadgang og etter tilhøva endog en plikt til å sørge for at feilene blir rettet»*

Dette utgangspunktet er vidare lagt til grunn i rettspraksis. I LA-2007-64532 presiserer lagmannsretten at sjølv om forvaltningslova § 35 berre etablerer ein «*adgang til omgjøring*», følgjer det av «*av alminnelige forvaltningsrettslige prinsipper at et forvaltningsorgan som blir klar over at et vedtak er ugyldig, må rette opp feilen hvis dette er mulig*». Lagmannsretten viser til juridisk teori, mellom anna Frihagens forvaltningsrett og Graver, Alminnelig forvaltningsrett, der det vert lagt til grunn at forvaltninga i dei fleste tilfelle har plikt til å rette ugyldige vedtak når ho vert merksam på feilen.

Sivilombudet har tatt same standpunkt. I SOM-2012-1080, med vidare tilvising til uttale frå Lovavdelinga 18. juni 1984 (1432/84), vert det slått fast at forvaltninga som eit klart utgangspunkt *«er forpliktet til å omgjøre ugyldige vedtak når de blir oppmerksom på ugyldigheten»*, i alle fall der omgjeringa berre er til gunst for private partar. I SOM-2014-3496 presiserer Sivilombudet at spørsmålet om forvaltninga pliktar å nytte omgjeringskompetansen, *«beror på en konkret helhetsvurdering»*.

Dette utgangspunktet er òg stadfesta og vidareført i lovutvalet sitt arbeid med ny forvaltningslov, jf. NOU 2019: 5. Utvalet foreslår ei uttrykkeleg pliktføresegn om omgjerung av ugyldige vedtak, nettopp fordi ugyldige vedtak som hovudregel ikkje skaper rett eller plikt etter sitt eige innhald, og fordi det å la slike vedtak bli ståande, skaper uklarheit og rettsleg uvisse. Utvalet peikar på at det berre i særlege tilfelle – typisk der ein part i god tru har innretta seg – kan vere grunnlag for å fråvike hovudregelen.

Det rettslege utgangspunktet er etter dette klart: Når eit vedtak er ugyldig, pliktar forvaltninga som hovudregel å oppheve eller omgjere vedtaket. Det er unntaka frå dette utgangspunktet som må grunngjevast konkret. Ved denne vurderinga er det særleg relevant å sjå på tidsforløp, innrettingsomsyn, om omgjerung er til gunst eller ugunst for partane, om det ligg føre tungtvegande offentlege omsyn, og kva slags feil vedtaket lir av.

5.4.3 Vurdering – det føreligg ei omgjeringsplikt

I denne saka peikar alle dei relevante momenta i retning av omgjerung.

For det første er feila ved vedtaket grunnleggjande. Avslaget byggjer hovudsakleg på eit utanforleggjande og irrelevant omsyn, og vedtaket manglar samstundes ei sjølvstendig planfagleg grunngjeving som strider med fvl. §§ 24 og 25. I tillegg er utgreiingsplikta etter forvaltningslova § 17 broten. Dette er ikkje bagatellmessige eller perifere feil, men feil som går til kjernen av avgjerda. Når ugyldigheita skriv seg frå nettopp slike feil, er rommet for å la vedtaket bli ståande avgrensa.

For det andre har tidsmomentet avgrensa vekt. Omgjeringsobjektet her er kommunestyret sitt avslag av 05.02.2026. Det er eit nytt vedtak. Kommunen kan difor ikkje med særleg tyngd vise til at det har gått tid sidan 2019 som grunnlag for å la avslaget bli ståande.

For det tredje er omgjerung til gunst for den parten som er ramma av det ugyldige vedtaket. Det ligg heller ikkje føre nokon godtruande tredjeperson med eit verneverdig innrettingsbehov som kan grunnge at avslaget vert halde oppe. Håvardslie Eiendom AS var sjølv forslagsstillar for reguleringsendringa i 2019 og initiativtakar til den prosessen som skapte situasjonen. Eventuelle negative verknader for utbyggjar kan etter dette ikkje tilleggjast avgjerande vekt.

For det fjerde kan det ikkje leggjast til grunn at Håvardslie Eiendom AS har vore i god tru eller har innretta seg på ein måte som fortener vern. Selskapet hadde tvert om eigne og dokumenterte interesser i at reguleringsgrensa vart trekt inn over Trevaren Sameie, mellom anna av omsyn til mogleg framtidig gjennomføring av tiltak på gbnr. 288/193. Ei slik grenseplassering tener utbyggjar sine interesser og verkar direkte til skade for kjøparane av bnr. 61. Innrettingsomsyn gjer seg uansett ikkje gjeldande, då tiltak på bnr. 193 ikkje er påbyrja, og utbyggjar sjølv offentleg har opplyst at prosjektet er utsett på ubestemt tid. Det ligg etter dette ikkje føre noko konkret og verneverdig innrettingsbehov som kan bere at det ugyldige vedtaket vert halde oppe.

For det femte ligg det ikkje føre identifiserte offentlege eller planfaglege omsyn som talar mot omgjerung. Tvert imot la administrasjonen sjølv til grunn at vilkåra i plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd var oppfylte, og at saka kunne handsamast etter forenkla prosess. Når det ikkje ligg føre noka sjølvstendig planfagleg grunngeving for avslaget, ligg det heller ikkje føre noko planfagleg motomsyn som kan bere at det ugyldige vedtaket vert ståande.

Samla er terskelen for å fråvike hovudutgangspunktet om korrigerung ikkje oppfylt. Avslaget kan etter dette ikkje bli ståande. Kommunen må sørgje for at ugyldigheita får realitetskonsekvensar. På bakgrunn av at administrasjonen sjølv la til grunn at vilkåra i plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd var oppfylte, er det grunnlag for direkte omgjerung til løyve.

Dersom kommunen meiner at direkte omgjerung prosessuelt ikkje kan skje, må vedtaket som minimum opphevast og saka handsamast på nytt på lovleg grunnlag. Det er ikkje rettsleg rom for å la det ugyldige avslaget bli ståande utan konsekvens.

Vi krev på denne bakgrunnen at Oppdal kommune gjer om avslaget av 05.02.2026 til eit løyve. Dersom kommunen ikkje tek kravet til følgje, krev vi at det vert fatta enkeltvedtak med grunngeving etter fvl. §§ 24 og 25, slik at vedtaket kan bringast vidare til klagebehandling.

6 KRAV 3 – REGULERINGSVEDTAKET 29.08.2019 ER UGYLDIG OG MÅ OPPHEVAST

6.1 Innleiing – kva kravet gjeld

Dette kravet er subsidært og vert berre aktuelt dersom Oppdal kommune ikkje tar rettingskravet til følgje, og heller ikkje omgjer avslaget av 05.02.26 i samsvar med kravet i punkt 5. Fostad gjer då gjeldande at reguleringsvedtaket av 29.08.2019 er ugyldig og må opphevast eller omgjerast med heimel i forvaltningslova § 35 første ledd bokstav c.

Reguleringsvedtaket har prejudisiell verknad for delingsvedtaket, matrikkelføringa og seksjoneringa. Dersom reguleringsvedtaket fell bort, kan det ikkje fungere som planrettsleg premiss for vidare deling, og spørsmålet må vurderast på nytt på korrekt og grunnlag.

6.2 Rettsleg utgangspunkt

Reguleringsendringa vart vedtatt utan at leilegheitskjøparane som hadde inngått bindande kontrakt vart varsla etter pbl. § 12-14 tredje ledd.

Etter pbl. § 12-14 tredje ledd, skal kommunen gi eigarar, festarar og «andre berørte» høve til å uttale seg før vedtak om mindre reguleringsendring vert fatta. Føresegna er ein pliktregel, og stenger for at kommunen kan unnlate varsling av personar som er omfatta av krinsen av berørte.

Terskelen for «andre berørte» er lågare enn for eigarar og festarar, fordi kravet om å vere direkte berørt berre er knytt til sistnemnde kategori. «Andre berørte» famnar difor òg personar som vert påverka på ein indirekte eller avleia måte.

Forarbeida (Prop. 149 L (2015–2016) s. 76) presiserer at omgrepet «andre berørte» er generelt, og at det *«derfor [må] vurderes i det konkrete tilfellet kven som skal få forslag til endring til uttalelse»*.

Forarbeida nemner naboar, reinbeitedistrikt og velforeiningar som døme. Når kommunen er forplikta til å varsle rettssubjekt med meir avleia tilknytning, er det liten grunn til at kjøparar med bindande kontrakt om bustad som er direkte råka av reguleringsendringa, skal stillast dårlegare.

Føresegna viser dessutan eksplisitt til pbl. § 1-9. Kommunal- og distriktsdepartementet har i brev av 7. oktober 2024 (TUDEP-2024-1155) uttalt at denne tilvisinga *«medfører i tillegg at forvaltningslovens krav, for eksempel utredningsplikten i forvaltningsloven § 16, uansett vil gjelde»*. Kommunen har difor ei sjølvstendig plikt til å sørgje for at saka er tilstrekkeleg opplyst før vedtak vert fatta, jf. fvl. § 17.

Det avgjerande vurderingstemaet er om vedkomande har ei faktisk og verneverdig interesse som reguleringsendringa kan påverke, og om denne interessa har vore gjenstand for reell medverknad.

6.3 Reguleringsvedtaket av 2019 er ugyldig, jf. fvl. § 41

Kommunen har avvist varslingsplikt med tre hovudargument: at kjøparane ikkje framgår av offentlege register, at utbyggjar presumptivt ivaretek kjøparane sine interesser, og at manglande varsling uansett ikkje kan ha hatt innverknad på vedtaket. Ingen av desse argumenta held.

For det første, ser ikkje kommunen ut til å ha gjort den lovpålagde vurderinga av om det fanst «andre berørte» før reguleringsendringa vart handsama etter den forenkla framgangsmåten. Feilen ligg difor ikkje berre i at kjøparane ikkje vart identifiserte, men i at kommunen unnlét å vurdere om det fanst ein vidare krins av rørte personar som hadde krav på å få uttale seg. Når ei slik vurdering ikkje vart gjort, sviktar sjølve grunnlaget for den valde saksbehandlinga.

Hadde kommunen gjort denne vurderinga, kunne spørsmålet om leilegheitskjøparane vore avklart med enkle og proporsjonale middel. Utbyggjar og meglar sat med full oversikt over kven som hadde inngått bindande kjøpekontraktar, og eit enkelt spørsmål til forslagsstillar om sal- og kontraktstatus ville gitt kommunen den naudsynte informasjonen. Ei slik framgangsmåte inneber verken urimeleg ulempe eller utilbørleg belastning, men er eit naturleg og naudsynt ledd i oppfyllinga av medverknadsplikta og utgreiingsplikta etter forvaltningslova § 17

Dette gjeld særleg her, der forslagsstillar var utbyggjar, og kommunen gjennom offentleg omtale, tidlegare søknader og byggesaksbehandling hadde kunnskap om at leilegheiter var selde og at byggeprosessen var i gang. Under slike omstende hadde kommunen klar grunn til å innhente kjøparoversikt og varsle desse på same måte som andre rørte paratar.

Varslingsplikta er uansett ikkje avgrensa til kven som er synleg i matrikkel eller grunnbok. Spørsmålet er kven som faktisk var berørt. Kjøparane i denne saka var ikkje hypotetiske framtidige rettsetterfølgjarar. Dei hadde inngått bindande kjøpekontraktar, og fleire av kontraktane var inngåtte før søknaden om reguleringsendring vart sendt 22.08.2019. Prosjektet var dessutan allereie marknadsført som førehandsselt. Kjøparane hadde difor ei klar og verneverdig interesse i korleis regulert eigedomsgrense vart fastsett.

Denne interessa var konkret og praktisk. Grenseplasseringa hadde direkte verknad for parkeringsløysing, nedkøyringsrampe, tekniske rom og garasjekjellar, altså funksjonar som etter salsoppgåva var integrerte delar av bustadane dei hadde kjøpt. Kjøparane fell etter dette innanfor krinsen av «andre berørte». Når kommunen likevel unnlet å identifisere og varsle dei, vart saka ikkje opplyst slik forvaltningslova § 17 krev.

For det andre kan kommunen ikkje byggje på at utbyggjar presumptivt ivaretok kjøparane sine interesser. Varslings- og medverknadsreglane skal sikre at dei som vert råka av vedtaket, får eit sjølvstendig høve til å vareta egne interesser. Dei skal ikkje erstattast av at ein annan aktør, med egne og motstridande interesser, opptrer på deira vegner.

I denne saka var Håvardslø Eiendom AS sjølv forslagsstillar for reguleringsendringa. Selskapet hadde egne og dokumenterte interesser i at reguleringsgrensa vart trekt langt inn over Trevaren Sameie, mellom anna av omsyn til mogleg framtidig tiltak på gnr. 288/193. Ei slik grenseplassering tente utbyggjar sine interesser og verka direkte til skade for kjøparane. Kommunen kan difor ikkje byggje på ein presumsjon om at utbyggjar ivaretok deira interesser.

For det tredje kan heller ikkje kommunen sitt syn på manglande innverknad føre fram. Vurderinga etter forvaltningslova § 41 er ikkje avgrensa til om kjøparane ville ha avdekt den konkrete tekniske feilplasseringa av kjellaren. Spørsmålet er om varsling kunne ha påverka faktumgrunnlaget, vurderinga eller resultatet.

Kjøparane hadde gjennom salsoppgåva fått opplysningar om parkeringskjellar, frostfri nedkøyring og bod i parkeringskjellar. Dei kjende dermed til kva dei hadde kjøpt, og ville ha peikt på at grenseplasseringa skar gjennom funksjonar dei hadde kontrahert om. Slike merknader ville ha tilført kommunen relevant informasjon om parkeringsareal, tekniske installasjonar, tilkomst og eigedomsplassing. Dei kunne òg ha utløyst krav om ordinær planprosess eller ført til ei anna grenseplassering.

Når feilen gjeld kven som i det heile fekk delta i prosessen, er feilen typisk eigna til å påverke både faktumgrunnlaget og interesseavveginga. Det ligg etter dette klart føre grunn til å rekne med at feilen kan ha verka inn på vedtaket. Reguleringsvedtaket er såleis ugyldig, jf. fvl. § 41.

6.4 Vilkåra for omgjerung er oppfylte, jf. fvl. § 35

Som det følgjer av punkt 5.4, er vilkåra for omgjerung oppfylte i denne saka. For dette vedtaket er feilen grunnleggande fordi ugyldigheita knyter seg til kven som fekk delta i prosessen. Dette undergrev det sentrale rettstryggjeleikssynet ved forenkla handsaming av reguleringsendringar. Feilen er ikkje bagatellmessig, men går til kjernen av vedtaket si lovlegheit.

Oppheving eller omgjerung vil ikkje skape nye ulovlege tilhøve. Tvert imot vil det fjerne det planrettslege grunnlaget for ei grenseplassering som ikkje kan forsvrast, og opne for ny og lovleg handsaming av dei tilknytte delings- og matrikkelsakene. Det er difor ikkje rett at oppheving skapar nye konflikhtar; ho gjer det mogleg å handsame saka på korrekt grunnlag.

Samla er terskelen for å fråvike hovudutgangspunktet om korrigering ikkje oppfylt. Reguleringsvedtaket kan etter dette ikkje bli ståande, og kommunen må sørge for at ugyldigheita får reelle rettslege konsekvensar.

Fostad krev på denne bakgrunnen at Oppdal kommune opphevar eller omgjer reguleringsvedtaket av 29.08.2019. Dersom kommunen meiner at direkte omgjerung ikkje kan skje, må vedtaket som minimum opphevast og saka handsamast på nytt på lovleg grunnlag.

Dersom kravet ikkje blir tatt til følgje, krev vi at kommunen fattar enkeltvedtak med grunngeving etter fvl. §§ 24 og 25, slik at spørsmålet kan prøvast vidare.

7 KRAV 4 – DELINGSVEDTAKET 29.08.2019 ER UGYLDIG OG MÅ OPPHEVAST

7.1 Innleiing – kva kravet gjeld

Uavhengig av om kommunen finn grunnlag for å omgjere reguleringsvedtaket av 29.08.19 eller avslaget av 05.02.26, må kommunen ta stilling til om delingsvedtaket av 29.08.19 er i samsvar med pbl. § 26-1 og krava til forsvareg saksbehandling etter fvl. § 17.

Kravet gjeld vedtaket der frådeling frå gbnr. 288/61 vart godkjend og ny grunneigedom gbnr. 288/193 vart oppretta. Delingsvedtaket er eit sentralt ledd i vedtakskomplekset frå 2019, og har direkte verknad for både matrikkelføringa av 28.09.2019 og den seinare seksjoneringa.

Dersom kommunen ved ny behandling meiner at lovleg vedtak ikkje kan fattast utan dispensasjon, planendring eller justering av søknadsgrunnlaget, kan saka ikkje avvisast eller stansast av den grunn. Kommunen må då sende formelt mangelsbrev til tiltakshavar HE AS med presisering av kva som konkret må supplerast. Delingssaka kan ikkje avslåast før kommunen har oppfylt utgreiings- og rettleiingsplikta etter forvaltningslova § 17.

7.2 Rettsleg grunnlag

Etter plan- og bygningslova § 26-1 kan eigedom ikkje opprettast eller endrast på ein måte som skaper tilhøve i strid med lov, forskrift eller plan. Føreseigna fungerer som ei

rettstryggeleiksbarriere mot ulovleg eigedomsdanning og pålegg kommunen å kontrollere at den planlagde eigedomen er rettsleg og faktisk gjennomførbar.

Når delinga gjeld oppretting av ordinær grunneigedom, og det ikkje er søkt om anleggseigedom, må grensa leggjast slik at heile bygningsmassen som høyrer til eigedomen ligg på same matrikkeleining. Ei grenseføring gjennom bygningsvolum krev særskilt rettsleg grunnlag, anten i form av anleggseigedom eller dispensasjon. Det ligg ikkje føre her.

Kommunen hadde i tillegg plikt etter forvaltningslova § 17 til å sørgje for at saka var så godt opplyst som mogleg før vedtak vart fatta. I ei delingssak der bygget var under oppføring og kjellarplanet hadde eiga utstrekning, måtte kommunen byggje avgjerda på korrekt og fullstendig teikningsgrunnlag, inkludert snitt og planar som synte underetasjen si faktiske utstrekning.

7.3 Frådelingsvedtaket er ugyldig, jf. fvl. § 41

For det første tilfredsstiller ikkje delingsvedtaket krava i plan- og bygningslova § 26-1. Det vart ikkje søkt om anleggseigedom, noko som går fram av frådelingssøknaden. Det vart heller ikkje søkt om dispensasjon som kunne legitimere ei grenseføring gjennom bygget. Når eigedomsgrensa i realiteten er lagt gjennom bygget, er delinga rettsleg ulovleg og uforeinleg med frådeling av ordinær grunneigedom. Dette er nettopp den typen situasjon plan- og bygningslova § 26-1 er meint å hindre.

For det andre kunne kommunen med enkle middel ha avklart at delingslinja ikkje let seg gjennomføre lovleg som ordinær grunneigedom. Byggjesaka gjekk parallelt med delingssaka, og snittteikningane synte at garasjekjellaren strekte seg lenger ut enn bygningskroppen på bakkeplan. Dersom desse teikningane hadde vore haldne opp mot delingslinja, ville kommunen ha sett at grensa vart lagt gjennom bygningsmassen.

Vedtaket byggjer følgeleg på eit ufullstendig faktisk grunnlag. Snittteikningane frå byggjesaka synte at underetasjen hadde større utstrekning enn bygningskroppen på terreng. Kommunen sat med desse opplysningane. Når dei ikkje vart tekne inn i vurderinga av delingslinja, vart saka ikkje opplyst slik forvaltningslova § 17 krev. At byggje-, delings- og seksjoneringssakene vart handsama av ulike saksbehandlarar, endrar ikkje dette. Kommunen er eitt forvaltningsorgan og må byggje avgjerdene sine på relevant og samla faktum.

For det tredje er frådelinga i strid med fleire sentrale materielle krav. Ho bryt med rammeløyyet og det faktisk prosjekterte byggetiltaket, ved at delar av garasjekjellar og tekniske rom tilhøyrande bnr. 61 er lagt på bnr. 193. Ho medfører manglande lovleg tilkomst, ved at eigedomsgrensa går gjennom garasjeport og tilkomstareal utan tinglyste rettar, i strid med pbl. § 27-4. Vidare inneber ho brot på avstandskrava i pbl. § 29-4, ved at bygget ligg nærare ny eigedomsgrense enn regelverket tillet, utan naudsynt nabosamtykke. I tillegg er reguleringsplanens parkeringskrav ikkje reelt oppfylt innanfor den seksjonerte eigedomen, og tekniske rom som betener bygget ligg på feil matrikkeleining, i strid med byggteknisk regelverk.

For det fjerde har kommunen sjølv i sak 2026/54 om reseksjonering lagt til grunn at det ikkje kan fattast vedtak om reseksjonering av areal som ligg på annan eigedom. Dette stadfestar at delingsløyisinga frå 2019 har skapt eit ulovleg og ikkje gjennomførbart utgangspunkt. Det ville vere både logisk og rettsleg inkonsistent om kommunen på den eine sida avviser reseksjonering

fordi areal ligg på feil matrikkeleining, men på den andre sida held fast ved gyldigheita av det delingsvedtaket som skapte denne situasjonen.

Vedlegg 7 Oppdal kommunes brev av 05.03.2026 i sak 2026/56 om reseksjonering

Samla sett er det ikkje tale om ein isolert mangel, men om eit vedtak som bryt med fleire grunnleggjande krav i plan- og bygningslova og byggt teknisk regelverk samstundes. Feila er av eit slikt omfang og ein slik karakter at dei ikkje kan avhjelpast gjennom seinare registrering eller privatrettsleg avtale. Delingsvedtaket er difor ugyldig, jf. forvaltningslova § 41.

Når delingsvedtaket både byggjer på ufullstendig faktisk grunnlag og har skapt eigedomsdanning i strid med plan- og bygningslova, ligg det klart føre grunn til å rekne med at feila har verka inn på vedtaket. Delingsvedtaket er etter dette ugyldig, jf. forvaltningslova § 41.

7.4 Vilkåra for omgjeriing er oppfylte, jf. fvl. § 35

Som det følgjer av punkt 5.4 ovanfor, er vilkåra for omgjeriing oppfylte også i denne saka.

Konkret for denne saka er feilen grunnleggjande fordi delingsvedtaket har skapt eigedomsforhold i strid med plan- og bygningslova § 26-1 og byggjer samstundes på mangelfull saksutgreiing etter forvaltningslova § 17. Feilen gjeld ikkje eit sidepunkt, men sjølve lovlegheita og gjennomførbarheita av delinga.

Forvaltningslova § 35 første ledd bokstav c gir kommunen kompetanse til å omgjere vedtak som «må anses ugyldig».

Delingsvedtaket kan etter dette ikkje bli ståande. Kommunen må oppheve eller omgjere vedtaket og handsame frådelingssøknaden på nytt på korrekt og fullstendig faktisk grunnlag.

Ved ny behandling må delingssaka vurderast innanfor dei lovlege rammene for frådeling. Prinsipalt skal grensa fastsetjast fire meter frå bygningskroppen i samsvar med søknadsdokumenta som låg til grunn for reguleringsendringa og frådelingsvedtaket. Subsidiært må grensa leggjast slik at heile bygningsmassen, inkludert garasjekjellar og underetasje, ligg på same matrikkeleining.

Dersom kommunen meiner at søknadsgrunnlaget slik det ligg føre ikkje kan innvilgast utan endra planstatus, dispensasjon eller revidert frådelingslinje, må kommunen sende formelt mangelsbrev til tiltakshavar Håvardslø Eiendom AS med presisering av kva som konkret vert etterspurt. Delingssaka kan ikkje avslåast før kommunen har oppfylt utgreiings- og rettleiingsplikta etter forvaltningslova § 17.

Dersom kravet ikkje blir tatt til følgje, krev vi at kommunen fattar enkeltvedtak med grunngjeving etter fvl. §§ 24 og 25, slik at spørsmålet kan prøvast vidare.

8 KRAV 5 – SEKSJONERINGSVEDTAKET 30.08.2019 ER UGYLDIG OG MÅ RETTAST

8.1 Innleiing – kva kravet gjeld

Dette kravet er subsidiært og vert berre aktuelt dersom Oppdal kommune kjem til at vedtaka frå 2019 ikkje kan leggjast til grunn slik dei er fatta, og at retting av matrikkel og delingsgrunnlag ikkje kan gjennomførast i samsvar med desse vedtaka.

Fostad gjer i så fall gjeldande at seksjoneringsvedtaket av 30.08.2019 er ugyldig, og at kommunen pliktar å ta stilling til korleis seksjoneringsgrunnlaget må rettast eller korrigrast for å bringast i samsvar med gjeldande rett.

8.2 Rettsleg utgangspunkt

Eit grunnleggjande vilkår for seksjonering etter eigarseksjonslova § 7 er at den seksjonerte bygningsmassen og dei areala som inngår i seksjoneringa, ligg på éi matrikkeleining. Seksjonering kan ikkje gjennomførast på tvers av eigedomsgrenser.

Kommunen har ved behandling av seksjoneringssøknad ei sjølvstendig kontrollplikt for at vilkåra i eigarseksjonslova er oppfylte, og vedtaket må byggje på korrekt og tilstrekkeleg opplyst faktum, jf. forvaltningslova § 17. Dersom seksjonert bygningsmasse eller naudsynte fellesfunksjonar heilt eller delvis ligg på annan eigedom enn den som vert seksjonert, ligg det føre eit rettsleg avvik som rammar sjølve gjennomførbarheita av seksjoneringa.

8.3 Seksjoneringsvedtaket byggjer på ein føresetnad som ikkje er oppfylt

Seksjoneringsvedtaket av 30.08.2019 byggjer på føresetnaden om at den seksjonerte bygningsmassen ligg samla på éi matrikkeleining. Denne føresetnaden er ikkje oppfylt. Etter matrikkelføringa ligg delar av garasjekjellar/underetasje, tekniske rom og tilhøyrande fellesfunksjonar heilt eller delvis på naboeigedomen gbnr. 288/193. Seksjoneringa omfattar difor i realiteten areal på to ulike grunneigedomar.

Dette er ikkje ein bagatellmessig eller teknisk feil, men eit strukturelt avvik som gjer seksjoneringa rettsleg uholdbar. Vilkåret i eiersl. § 7 er absolutt, og kan ikkje oppfyllest gjennom tolking, privatrettslege avtalar eller etterfølgjande tilpassing så lenge eigedomsstrukturen er feil.

Det er i denne samanhengen særleg tungtvegande at kommunen i den ovannemnde seinare reseksjoneringssaka sjølv har lagt til grunn at det ikkje kan fattast vedtak om reseksjonering av areal som ligg på annan eigedom. Når kommunen tek dette standpunktet med kunnskap om den faktiske plasseringa av kjellaren og dei tilhøyrande funksjonane, kan kommunen ikkje samstundes halde fast ved at seksjoneringsvedtaket frå 2019 var rettsleg gjennomførbart. Kommunen si eiga avvisning av reseksjonering stadfestar at seksjoneringsgrunnlaget frå 2019 ikkje er lovleg slik situasjonen no står.

At eigedomsgrense ikkje nødvendigvis treng å vere teikna inn på planteikningar ved seksjonering, endrar ikkje dette. Når byggjesaka sine snitt og situasjonsplanar synleggjer at underetasjen strekkjer seg ut over bygningskroppen på bakkeplan, og når deling og seksjonering vert gjennomførte i tett rekkjefølgje, plikta kommunen å byggje på korrekt og samla

faktum. Manglande intern koordinering mellom byggje-, delings- og seksjoneringssaka kan ikkje frita kommunen for utgreiingsplikta etter forvaltningslova § 17.

Seksjoneringsvedtaket er etter dette ugyldig, jf. fvl. § 35 første ledd bokstav c, fordi det byggjer på ei føresetnad som ikkje er oppfylt.

8.4 Retting og vidare handtering

Som det følgjer av punkt 5.4 ovanfor, er utgangspunktet at ugyldige vedtak må korrigerast. Det gjeld også her. I tillegg er det openbart at ei direkte tilbakerulling av seksjoneringa i dag kan få store konsekvensar for seksjonseigarar og panthavarar som har innretta seg etter vedtaket. Dette tilseier ikkje at ugyldigheita kan ignorerast, men at retting må skje i rett rekkjefølgje.

Kommunen pliktar difor først å sikre at eigedomsstrukturen vert lovleg – gjennom retting av matrikkel og delingsgrunnlag – og deretter korrigere seksjoneringsgrunnlaget slik at det vert samsvar mellom eigedomsgrenser, bygningsmasse og seksjonering.

Fostad krev på denne bakgrunnen at kommunen tek stilling til ugyldigheita ved seksjoneringsvedtaket av 30.08.2019 som del av dette vedtakskomplekset, og klargjer korleis korrigeringsvedtaket skal gjennomførast etter at eigedomsgrunnlaget er brakt i orden. Dersom kommunen meiner at korrigeringsvedtaket berre kan skje gjennom reseksjonering, må kommunen samstundes gjere greie for korleis dette kan gjennomførast, når kommunen sjølv har lagt til grunn at reseksjonering ikkje kan behandlast så lenge areal ligg på annan eigedom.

